

BACHELOROPPGÅVE

Barn og sorg

av

Tara Cathrine Horstad

Barnehagelærerutdanning

BLU3-1006

Desember, 2014



Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)

Eg gir med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva (Skriv inn tittel) i Brage dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

Tara Cathrine Horstad

kandidatnummer og namn

JA NEI

kandidatnummer og namn

JA NEI

kandidatnummer og namn

JA NEI

Innholdsliste

1.0 Innleiing

| | |
|---------------------------|-------|
| 1.1 Problemstilling | s.2-3 |
|---------------------------|-------|

2.0 Design og metode s.3

| | |
|---|-------|
| 2.1 Kvantitative og kvalitative metodar | s.3 |
| 2.2 Pilotstudie | s.3-4 |
| 2.3 Metode | s.4 |
| 2.4 Utval av informantar..... | s.4-5 |
| 2.5 Datainnsamling | s.5 |
| 2.6 Validitet og relabilitet | s.6 |
| 2.7 Analyse og bearbeiding av data | s.6 |
| 2.8 Etske omsyn | s.6-7 |

3.0 Teori s.7

| | |
|--|---------|
| 3.1 Sorg | s.7 |
| 3.2 Reaksjonsmønstre | s.7-9 |
| 3.3 Samtale med barn | s.9-10 |
| 3.4 Støtte til barn i sorg | s.10-11 |
| 3.5 Beredskapsplan og hjelpetiltak | s.11-13 |

4.0 Empiri s. 14

| | |
|----------------------------------|---------|
| 4.1 Støtte til barn i sorg | s.14 |
| 4.2 Reaksjonsmønstre | s.14-16 |
| 4.3 Samtale med barn | s.16-17 |
| 4.4 Personalsamarbeid | s.16-17 |
| 4.5 Samarbeid med heim | s.17 |
| 4.6 Beredskapsplan | s.17-18 |

5.0 Drøfting s. 18

| | |
|----------------------------------|---------|
| 5.1 Støtte til barn i sorg | s.18 |
| 5.2 Reaksjonsmønstre | s.18-19 |
| 5.3 Samtale med barn | s.19-20 |
| 5.4 Personalsamarbeid | s.20-21 |
| 5.5 Samarbeid med heim | s.21 |
| 5.6 Beredskapsplan | s.21-22 |

6.0 Avslutning s.22-23

Vedlegg 1: Informasjonsskriv om bachelorprosjekt

Vedlegg 2: Intervjuguide

Vedlegg 3: Utdrag frå intervju med informant A

Vedlegg 4: Utdrag frå intervju med informant B

1.0 Innleiing

I denne oppgåva har eg valt å ta for meg temaet barn og sorg. Grunnen til at eg har valt dette temaet er fordi eg ser på det som eit vanskeleg tema når ein kjem ut i arbeid, og det er eit tema eg tykkjer at eg har for lite kompetanse om. Det er stor sjanse for at ein før eller seinare vil møte barn i sorg når ein kjem ut i arbeidslivet. Eg har sjølv opplevd eit barn i barnehagealder som mista begge foreldra sine på kort tid. Dette var noko eg opplevde i familiesamanheng og ikkje i arbeidsamanheng, men eg tykkjer det har vore veldig vanskeleg å vite kva ein skal seie og gjere i ein slik situasjon. Det er eit sårt og vanskeleg tema, både for barnet og dei vaksne rundt. Sidan sorg kan vere eit veldig omfattande tema og dreie seg om mykje vel eg å skrive om uventa og venta dødsfall i nære relasjonar. Med dødsfall i nære relasjonar meiner eg dødsfall innan familien, dødsfall med personar som står barnet nær, altså personar som er i dagleg møte med barnet og som barnet føler seg trygg på.

Problemstillinga mi vil eg rette mot barnehagebarn i alderen tre til seks år, det er fordi det er barn i den alderen informantane mine har erfaring med.

1.1 Problemstilling

I følgje Holme & Solvang (1996) ref. Dalland (2013) skal ei problemstilling vere spennande, fruktbar og enkel. Med ei spennande problemstilling er det lettare å engasjere informantar, rettleiar og andre ein treng bistand frå. Det at problemstillinga skal vere fruktbar innebere at den må vere relevant for utdanninga, den bør opne opp for å oppdage noko nytt og til å bidra til fagleg utvikling. Dersom ein skal ha moglegheit for å i djupna på eit felt må vi avgrense oss, og tenkje «kva er du eigentleg interessert i?».

Etter litt mykje att og fram i forhold til formulering av problemstilling kom eg fram til at eg ville rette den mot den pedagogiske leiaren i barnehagen. Formålet med forskinga er å få innsikt i kva ein gjer når det oppstår eit dødsfall som barnet har ein nær relasjon til, korleis ein møter desse barna og korleis ein som fagfolk handtera det. Problemstillinga mi lyder difor slik:

«Korleis kan pedagogisk leiar ivareta born som opplev dødsfall i nære relasjonar og bidra i barn sin sorgprosess?».

I del 2.0 vil eg skrive om design og metode som er nytta i bachelorprosjektet, deretter vil eg i del 3.0 skrive teori som er knytt til problemstillinga. Under del 4.0 vil empirien bli presentert og vidare vil eg drøfte teori og empiri i del 5.0. Del 6.0 er avslutning og der vil eg kome fram til ein konklusjon i forhold til problemstillinga.

I oppgåva vel eg å bruke ordet føresette i staden for foreldre når eg skriv om dei som har hovudansvaret for barna. Dette fordi det finnast mange ulike familietypar og eg tykkjer at ordet føresette dekkjer meir enn ordet foreldre.

2.0 Design og metode

Metode er reiskapen vår i møte med noko vi vil undersøkje. Metoden hjelper oss til å samle inn data, det vil seie den informasjonen vi treng til undersøkinga vår. Grunnen for å velje ein bestemt metode er at den vil gje gode data og kunne belyse spørsmålet på ein fagleg interessant måte (Dalland, 2013).

2.1 Kvantitative og kvalitative metodar

Etter arbeidet med konkretisering av problemstilling må ein finne fram til det undersøkingsdesignet som eignar seg best til problemstillinga. Det valet ein tek av undersøkingsdesign har store konsekvensar for undersøkinga sin gyldigheit og reliabilitet. Det finnast ikkje noko klare reglar for korleis eit undersøkingsdesign skal sjå ut, men i praksis står ofte valet mellom tre hovudtypar. Kvar av desse typane kjenneteiknast ved at dei vektlegg ein spesiell type data og eit spesielt nedslagsfelt. Det siste er knytt til korleis oppgåva går i breidda der ein inkluderer mange einingar eller i djupna som konsentrere seg om få. Dei tre hovudtypane innanfor design er: design basert på sekundærdata, intensive og kvalitative design, og ekstensive og kvantitative design (Jacobsen, 2010).

Dei kvantitative metodane går i breidda, medan dei kvalitative metodane går meir i djupna. Dei kvantitative metodane har den fordel at den gir data i form av målbare einingar. Tala gir ein moglegheit til å foreta rekneoperasjonar, anten ein ynskjer å finne gjennomsnitt eller kor stor prosentdel. Dei kvalitative metodane tar sikte på å fange opp meining og opplevingar som ikkje let seg talfeste eller måle. Både kvantitativt og kvalitativt orienterte metodar bidreg på kvar sin måte til ei betre forståing av det samfunnet vi lev i, og korleis enkel mennesket, grupper og institusjonar handlar og samhandlar (Dalland, 2013).

2.2 Pilotstudiet

I pilotstudien intervjuar eg ein medstudent som føregikk over videosamtale og med bandopptakar. I forkant av intervjuet sendte eg intervjuguide til medstudenten. Sjølv intervjuet gjekk veldig bra, men det var ein del eg såg i etterkant at laut forandrast på. Det gjaldt blant anna spørsmåla mine som var for utydelege, og det var vanskeleg å tolke kor eg ville med dei. Ei utfordring eg såg under dette studiet var tida, det gjekk veldig lang tid til å transkribere intervjuet over til data etterpå. Dette gjorde at eg gjekk ned i antall informantar som eg ville nytte i oppgåva, med tanke på tida eg hadde til disposisjon.

Sidan eg ikkje har noko særleg erfaring med intervju tykkjer eg det var veldig bra å kunne nytte pilotstudiet for å sjå korleis eg sjølv fungerte som intervjuar. Frå medstudent fekk eg gode tilbakemeldingar på korleis eg intervjuar og eg fekk ei positiv oppleving av intervjuet.

Det at eg har gjennomført eit pilotstudiet og tatt val ut i frå kva som fungerte og ikkje fungerte tenkjer eg vil vere med å styrke relabiliteten og validiteten i oppgåva.

2.3 Metode

Designet eg har nytta i mitt bachelorprosjekt er den kvalitative metoden. Eg valte den kvalitative metoden fordi eg var interessert i kva tankar og erfaringar fagfolk der ute sat inne med, og ville gå meir i djupna enn i breidda. Eg er interessert i kva menneske seier og eg har difor nytta intervju som metode i mitt forskingsprosjekt. Eg tenkjer at dette kan vere eit veldig vanskeleg tema å snakke om og dele med andre, så difor landa eg på individuelle intervju i staden for gruppeintervju.

Som eg skreiv ovanfor kan dette vere eit vanskeleg tema å snakke om, eg valte difor å sende intervjuguide (vedlegg 2) til informantane ein dag i forkant av intervjuet. Dette er noko eg fekk veldig god respons på av begge informantane, at dei syntes det var godt å kunne forberede seg i forkant av intervjuet. Eg tenkjer at det kan vere med å styrke oppgåva mi, sidan informantane fekk moglegheit til å svare på ein best eigna måte. Eg tenkjer at visst ikkje dei hadde fått intervjuguiden på forhand kan det vere at svara ikkje hadde blitt så utfyllande som dei blei og at mykje av tida hadde gått til at informanten måtte tenke tilbake til kva dei gjorde. For meg var det viktig å ta vare på informantane og at dei skulle føle seg mest mogleg komfortable under intervjuar

2.4 Utval av informantar

Utvalskriteria for informantane var til å byrje med at dei skulle vere utdanna førskulelærarar, arbeide som pedagogisk leiar, erfaring med barn som har opplevd dødsfall i nære relasjonar og informantar med erfaring frå små- og storbarnsavdeling slik at heile barnehagealder spekteret blei dekkja.

Det viste seg å bli meir krevjande å innhente informantar enn kva eg hadde trudd på forhand. I samråd med rettleiaren min blei vi einige om at eg skulle ringe rundt til ulike barnehagar, snakke med styrar og høyre om det var nokon med erfaring frå dette temaet. Dette for å gje eit godt inntrykk og for å raskt finne fram til dei barnehagane med erfaring frå dette temaet.

Eg ringde rundt til totalt 23 barnehagar i Sogn og Fjordane, der 17 av dei av dei svara og alle eg snakka med var anten styrar eller assisterande styrar. Det var 6 av barnehagane som kunne bekrefte at dei hadde erfaring med barn og sorg, desse barnehagane sendte eg eit informasjonsskriv til der det sto litt meir detaljert om prosjektet mitt og i tillegg ei samtykke erklæring (vedlegg 1). Sjølv om

det var mange barnehagar utan erfaring kring dette temaet var det veldig mange som gav positiv respons til prosjektet mitt, dei fortalde at det var eit viktig tema å arbeide med i barnehagen!

Av dei barnehagane eg hadde sendt informasjonsskriv til var det to personar som meldte seg til å vere informantar. Desse informantane hadde ikkje erfaring med barn og sorg frå småbarnsavdeling så eg endra difor utvalskriteria til erfaring med barnehagebarn i alderen tre til seks år. Sidan eg ikkje fekk tilbakemelding frå fleire, blei det to informantar i staden for tre som planlagt. I oppgåva mi har eg valt å presentere informantane som informant A og informant B.

2.5 Datainnsamling

Etter gjennomført pilotstudiet gjorde eg ein del endringar i min intervjuguide, slik at den blei meir ein ledetråd og ikkje berre at eg lista opp ei rekkje med spørsmål (vedlegg 2).

I følge Dalland (2013) er det samtaleforma, det å skape kunnskap gjennom intervjuprosessen som kjenneteiknar det kvalitative intervjuet. Spørsmåla bli då utvikla i samtalen og følgjer av dei svara intervjupersonen gir. Intervjuguiden vil her vere ei hjelp til å hugse dei tema som skal takast opp, og ein kan gjerne utforme spørsmål til ulike tema på forhand. Dess meir open intervjusituasjonen er, er det større sjanse for å få spontane, levande og uventa svar. Dess meir strukturert intervjusituasjonen er, er det lettare å ferdigstrukturere og analysere intervjuet seinare.

Under dei to intervjuene eg har gjennomført merka eg stor forskjell på informantane mine. Under det første intervjuet var det informanten som leda mesteparten av intervjuet, og eg følte at intervjuet blei veldig opent samtidig som eg hadde intervjuguiden som ei sjekklister for tema vi skulle innom. Under det andre intervjuet følte eg at informanten var meir avhengig av at det var struktur kring spørsmåla og at eg systematisk følgde intervjuguiden. Intervjuet opna seg litt meir ut i hovuddelen, og då følte eg at intervjuet blei litt friare og lausare.

Når eg skulle utforme intervjuguiden min tenkte eg veldig nøye gjennom korleis eg skulle formulere spørsmåla mine, der spørsmåla skulle vere opne og ikkje lukka. I følge Dalland (2013) bør spørsmåla ein stiller oppfordre til beskrivingar der målet er få intervjupersonen til å gje ei mest mogleg spontan framstilling. Ein kan stille «korleis», «kva» og «kan du fortelje» spørsmål slik at ein får ei mest mogleg spontan framstilling. Om ein stiller «kvifor» spørsmål vil ein få meir eller mindre gjennomtenkte forklaringar (vedlegg 2).

Begge intervjuene føregjekk i barnehagane som dei to informantane arbeida i. Dette var noko eg hadde planlagt i forkant at eg ynska med tanke på at dei skulle føle seg mest mogleg trygge og komfortable.

2.6 Validitet og reliabilitet

Når det gjeld eine informanten eg har brukt i dette prosjektet så var ikkje den pedagogisk leiar på avdeling når dødsfallet skjedde, men arbeida både då og no som styrar i barnehagen. I etterkant ser eg at det kan kanskje vere med å påverke validiteten i oppgåva, at denne informanten ikkje arbeida som pedagogisk på det tidspunktet. Informanten fortalde om sine erfaringar, kva den hadde gjort og korleis den hadde handtert situasjonen, altså førstehandskilder. Samstundes fortalde den kva pedagogen på avdelinga der dødsfallet skjedde gjorde. Noko som då kan vere andrehandskilder, sidan det kan vere ting pedagogen har fortalt at den har gjort og som ikkje informanten har sett sjølv. I følgje Jackobsen (2010) har ein størst tiltru til førstehandskilder og ikkje andrehandskilder.

Sidan eg ikkje har fleire enn to informantar kan det vere at det svekkar reliabiliteten og validiteten der eg ikkje har så mange erfaringar og samanlikne med. Samstundes tenkjer eg at det kan vere med å styrke relabiliteten og validiteten sidan eg har hatt betre tid til å fokusere på dei to informantane og dei intervjuar dei har gjort.

2.7 Analyse og bearbeiding av data

Etter kvart intervju gjekk eg raskt i gong med å transkribere intervjuet frå bandopptakar og over til dokument på pc. Samstundes som eg haldt på med dette skreiv eg notat frå korleis eg hugsar ansiktsuttrykk, kroppsspråk og korleis stemninga var under dei ulike spørsmåla. Dette valte eg bevisst å gjere medan det var ferskt slik at det ikkje skulle bli gløymt. Etter kvart som intervjuar blei nedskrivne blei også informantane anonymisert, dette ved å kalle dei for informant A og B. Namn som blei brukt på andre personar i intervjuet fekk andre namn slik at dei òg skulle bli forholdt anonyme. Informantane vil bli presentert under del 4.0 i oppgåva, empiri.

2.8 Ethiske omsyn

Som tidlegare nemnt valte eg å sende ut eit informasjonsskriv saman med ei samtykke erklæring (vedlegg 1), slik at informantane fekk informasjon om oppgåva og fekk valet om dette var noko dei ville delta på eller ikkje. I informasjonsskrivet skreiv eg blant anna at eg ville nytte bandopptakar, og at opptaka blei sletta seinare slik at informantane var forberedt på dette. Eg fekk veldig god respons på informasjonsskrivet frå den eine informanten som sa seg villig til å delta, der ho tykte det var bra at informasjonen var kort og konkret.

Intervjuguiden (vedlegg 2) valte eg å sende ut i forkant, noko som eg er veldig glad for at eg gjorde. Eg følte det gjorde at både eg og informantane kunne forberede oss mentalt og at vi hadde eit haldepunkt i intervjuet. Informantane gav òg uttrykk for at dei syntes det var godt å lese gjennom den før intervjuet slik at dei kunne repetere erfaringane sine.

Før eg starta intervjuja forklarte eg dette med bandopptakar, at eg ville nytte det for at intervjuet skulle bli mest mogleg ordrett. Begge informantane kunne fortelje at dei ikkje likte så godt bandopptakar, då dei ikkje likte å høyre si eiga stemme og var redd for at det skulle bli mange unødvendige ord og lydar. Eg forklarte dei at det kun var meg som skulle høyre på opptaka og at dei ville bli sletta etter kvart som at dei blei transkribert til pc. Bandopptakaren eg nytta var på mobilen min som eg la på bordet under intervjuja, og etter kvart som vi kom i gong virka det som informantane gløymde at bandopptakaren låg der.

3.0 Teori

I denne delen av oppgåva vil eg skrive ulike teoriar om barn i sorg. Eg har valt å byrje med ein liten definisjon på kva sorg er, deretter skriv eg om ulike reaksjonsmønster hos barn. Vidare vil eg skrive om samtale med barn om døden, korleis ein som vaksne kan støtte, beredskapsplanar og hjelpetiltak i barnehagen. Årsaka til at eg har valt ut denne teorien er fordi eg tykkjer den dekkjer bra til mi problemstilling:

«Korleis kan pedagogisk leiar ivareta born som opplev dødsfall i nære relasjonar og bidra i barn sin sorgprosess?».

3.1 Sorg

I følge Bugge & Røkholt (2013) er sorg eit mangesidig fenomen der eit bredt spekter av reaksjonar og uttrykk er normale. Sorg som prosess inneber individuelle variasjonar i form av ulike reaksjonsmønstre, samtidig som grada av reaksjonar kan variere frå massive til moderate eller få sorguttrykk. Sorg tek tid, og sorga som prosess har individuelle startpunkt, varighet og utvikling. Ei opa tidsrammeforståing av sorg inneber at det ikkje nødvendigvis er verst først og seinare ei stabil betring. Det er mange sørgjande som opplev ei gradvis eller radikal forverring etter tid. Dei som sørgjer vil ofte oppleve at sorga sin intensitet endrar seg. Sorga er ikkje ein lineær prosess, men den har ein periodisk karakter.

3.2 Reaksjonsmønstre

Barn sine reaksjonar på kriser kan arte seg ulikt, anten det gjeld sorg over å ha mista nokon dei er glad i eller det gjeld frykt og redsel grunna ein vanskeleg livssituasjon. Same type opplevingar kan gje utslag i ulike reaksjonsmønstre hos ulike barn, medan same reaksjonsmønster kan vere forårsaka av ulike opplevingar. Enkelte barn kan ha det tungt og vanskeleg utan at dei gir tydeleg uttrykk for det i barnehagen. Dei kan bære saknet og dei vonde tankane for seg sjølve utan å gje uttrykk for dei. Andre kan reagere meir openlyst, med tristhet, sinne eller aggresjon. Erfaring tilseier at dei barna som stenger inne sin tristhet og sine vonde opplevingar ofte er dei som har det vanskelegast, men

det er ofte dei barna som lettast blir oversett både i heimen og barnehagen. Dei kan trekke seg tilbake og gjere lite for å bli lagt merke til. Utagerande barn derimot, vil tiltrekke seg merksemd fordi dei på ein eller anna måte forstyrrar det daglege samspelet blant barn og vaksne (Sjøvik, 2011).

I følge Finger (2001) ref. Sjøvik (2011) vil det å sørge innebere ei tid med sterke følelsesutbrudd, der åtferda ofte er kjenneteikna av humørsvingingar og aggresjonar. Ved dødsfall kan aggresjonen vere retta mot barnet sjølv, personar i omgjevnadane, den døde som har forlate ein, og Gud som har tillat dødsfallet. Finger hevdar at når barn blir rasande og ikkje veit kor dei skal gjere av følelsane sine, går det ofte ut over føresette. Ho forklarar det med at det berre er ovanfor menneske som står ein nær og kjærleik ein kan vere sikker på, at ein kan vere seg sjølv og tørre å gje følelsane utlaup. Barn i sorg treng difor hjelp av vaksne som forstår dei, til å bli klar over sine eigne følelsar. Dei treng ikkje minst nokon som tek seg tid til å snakke med dei om korleis dei har det.

Barn i alderen tre til seks år vil ikkje ha ei realistisk førestilling om kva sjukdom og død betyr. Difor hender det at dei gir uttrykk for ynskjer om at både dei sjølv og andre personar skulle vert døde. Fordi barn i denne alderen ikkje forstår kva døden eigentleg er, fryktar dei den heller ikkje (Finger, 2001, ref. Sjøvik, 2011).

Små barn vil vere opptekne av korleis eit dødsfall får konsekvensar for dei sjølv og deira konkrete kvardag. Då må dei kanskje forsikre seg om at det fortsatt er nokon som vil passe på dei, og at det er nokon som vil hente dei i barnehagen. Det er viktig at barna får oppriktige og sannferdige svar på sine spørsmål, men ikkje utgreiingar om døden som ligg langt over deira fatteevne. Det kan føre til at dei blir meir utrygge og engstelege for at anten dei sjølv eller andre i familien skal komme til å dø. Det små barn treng aller mest når dei opplev dødsfall er forsikringar om at dei gjenlevande nære personane vil fortsatt vere der og passe på dei (Sjøvik, 2011).

I dag herskar det inga tvil blant fagfolk at også små barn er i stand til å sørge. Men det vil alltid vere store variasjonar i korleis barn tek i mot eit budskap som gir dei sorg, og på deira sorgreaksjonar, både på kort og lang sikt. Reaksjonsmåten beror på det enkelte barns alder- og utviklingsnivå, og på individuelle personlege eigenskapar. Eventuelle tidlegare opplevingar med døden på nært hald kan bevisst eller ubevisst prege den måten barnet reagerer på (Sjøvik, 2011).

Sorgreaksjonane vil ha røter i kva tilknytning barnet hadde til den avdøde, og på korleis dødsfallet skjedde. Eit forventa dødsfall vil gje barn som vaksne moglegheit til å forberede seg på det, psykisk og praktisk. Dersom ein har hatt moglegheit til å ta avskjed vil det som regel lette sorgarbeidet og bidra til at reaksjonane blir mindre sjokkarta enn når eit dødsfall kjem uventa. For at barns

sorgarbeid skal skje på ein så skånsam måte som mogleg, bør ein syte for at barnet får oppleve ei trygg tilknytning til sine gjenlevande omsorgspersonar og til familien for øvreg (Sjøvik, 2011).

3.3 Samtale med barn

Alle som mistar eit menneskje dei er glad i, blir på ein måte hovudpersonen i sorga slik dei kjenner det i sine eigne tankar og følelsar. Det er sjeldan at eit barn får opplevinga av å vere hovudpersonen i ei sorg, sjølv om dei har mista nokon i nær relasjon. Det å bli gjort til ein biperson når nokon dør kan følast som eit overgrep. Inne i seg kan barnet kjenne seg som hovudpersonen, men det er sjeldan at det blir behandla som det av omgjevnadane rundt. Mange barn blir gjenstand for mykje verdifull og god merksemd. Dei vaksne godpratar med dei, har med ting til dei, og gir dei både nærleik og varme. Alt dette er verdifullt! Likevel er det ikkje nok til å dekke det behovet eit barn har når det går med sorg inne i seg. Om natta kan det gje draumar, og om dagen kan det dukke opp mange minner saman med sinne over det vonde som har skjedd. Dette kan lett føre til usikkerhet om mykje av det som skjer rundt dei og som er annleis enn vanleg (Ekvik, 2010).

Nokre barn kan gje signal som vi vaksne kan spinne vidare på visst vi er vakne nok til å fange opp signala. Eit opnande spørsmål frå oss kan vere inngangsporten til at dei får delt noko av det tankegodset og følelsesuttrykket dei kjenner inne i seg. Det kan t.d. skje når ein tek barnet opp på fanget og ser på bileter. Ut i frå dette kan det komme mange verdifulle samtalar der barna får snakke om kva dei hugsar, kva dei tenkjer på og er opptekne av no som ikkje vedkommande er her lenger. Visst ein kan gje barna ein slik nærleik, der dei får komme i sentrum med sine tankar, følelsar og opplevingar så vil dei òg få opplevinga av å vere hovudpersonen i den sorga dei bærer på (Ekvik, 2010).

Når ein skal samtale med barn om dødsfall må ein vere forberedt på at slike samtalar vanlegvis ikkje blir så lange. Barn slepp oss inn for ei kort stund, for så å skifte samtaleemne eller sei «no går eg å leikar». Det er då viktig at ein hugsar på at barn har mindre toleranseevne for sterke følelsar enn vi vaksne, dei har kortare tristhetsspenn. Språket er ofte meir dei vaksne sin kommunikasjonsform, medan barn like gjerne vel andre uttrykksformer (Dyregrov, 2006).

Mange vaksne har nok opplevd at det kan vere vanskeleg å gje barn oppriktige svar på spørsmål som dukkar opp når dei har mista ein nær og kjær person gjennom dødsfall. Det er ikkje lett å forklare små barn kvifor nokon som er alvorleg sjuke, kan bli friske igjen medan andre dør. Dei aller vanskelegaste opplevingane for små barn vil vere å miste sysken eller føresette. I slike situasjonar kan dei vaksne som omgir barna vere så tynga i eiga sorg og fortviling at dei ikkje er i stand til å sjå at barna også har det vondt. Det viktigaste når barn blir ramma av alvorleg sjukdom og død i nære relasjonar, er nok at dei får anledning til å stille dei spørsmåla som dei lurar på. I eit opent og

tillitsfullt forhold mellom barn og voksne vil dei fleste barn godta at ingen sit med fasisvar på spørsmåla deira. Barn vil kunne skjønne at voksne både i heimen og i barnehagen kan sjølv ha det vondt når nokon som står dei nær blir sjuke og døyr. Det beste er om ein er i stand til å snakke opent med barna om det som skjer (Sjøvik, 2011).

3.4 Støtte til barn i sorg

Den svenske psykologen Gudrun Edvarson ref. Sjøvik (2011) meiner at barnehagen må vere forberedt på å møte barn i ulike sorg- og krisesituasjonar. Personalet i barnehagen må ha både kunnskap om krisesituasjonar som barn kan bli utsett for, og innsikt i korleis ulike barn kan oppleve og reagere på slike situasjonar. Det finnast ikkje noko standard svar på korleis barn opplev sorg, og korleis dei sørgjer, kvart barn gjer det på sin måte. Det viktigaste er at barn får møte eit personale i barnehagen som verkeleg bryr seg om dei og som har evne og vilje til å syte for at barn i vanskelege livssituasjonar får hjelp til å bearbeide dei vonde opplevingane sine. I nokre tilfelle kan ein krisesituasjon vere så tragisk at barnet må ha profesjonell terapeutisk hjelp for å unngå å utvikle psykiske lidningar.

I arbeid med barn i sorg er det viktig å støtte opp familien si meistring av taps-situasjonen. Barn er ein del av ein familie, og det er i denne konteksten av sorga utspelar seg og skal meistrast. Korleis føresette meistrar situasjonen av at nokon i nær relasjon døyr, vil ha stor betydning for barna det vil vere avgjerande kva grad barna blir teke med i fellesskapet (Bugge, 2003).

Det tenar lita hensikt å halde informasjon rundt dødsfallet skjult for barn. Barn vil trenge å høyre sanninga, men dei treng å høyre den med ord som er tilpassa deira alder. Sjukdom og død må forklarast opent, sannferdig og direkte utan omskrivingar som kan føre til forvirring eller frykt. Det er viktig at ein unngår abstrakte forklaringar, og det spesielt til mindre barn. Der himmelen, Gud og Jesus ikkje er ein del av barna sine daglege førestillingar er det liten grunn til å introdusere desse i tilknytning til dødsfall. Det kan kanskje vere lettare for dei vanske å bruke slike forklaringar, men for barna kan det vere vanskeleg å forstå det abstrakte og konkrete i samanheng (Dyregrov, 2006).

Ved å gje barna konkret og direkte informasjon unngår ein fantasiar og forvirring. Ofte unngår voksne å informere barn fordi ein ikkje trur at dei vil tåle å høyre om det som har hendt, eller at barna ikkje bør høyre det. Som oftast er det seg sjølv som vaksen ein skjermar og ikkje barnet (Dyregrov, 2006).

Barnehagebarn skal bli møtt med ekstra merksemd og forståing i ein kvar livssituasjon som er spesielt vanskeleg for dei. Dei må få hjelp til å bearbeide sine sorgreaksjonar i den tida dei er i barnehagen. Det kan skje gjennom fortrolige samtalar med ein eller fleire voksne, og gjennom leik saman med andre barn. Både familien og personalet i barnehagen kan ha stor nytte av bøker om tap

og sorg med førskulebarn som målgruppe. Stoffet og bileta kan vere ei hjelp til å få i gong samtalar, og det kan hjelpe barn til å setje ord på eigne tankar og følelsar. Det som er viktig i arbeid med bøker er at ein er kritisk med hensyn til kvalitet når det gjeld stoff og bileter. Barn vil lett kunne identifisere seg med dei aktuelle personane, på godt og vondt (Sjøvik, 2011).

Kunnskap om ulike sorgreaksjonar, både hjå barn og vaksne er nødvendig for personalet i barnehagen. Det vil vere med å kunne hjelpe dei til å vise omsorg og god støtte for den eller dei som er ramma (Sjøvik, 2011).

Konklusjonar frå tidlegare forskning om kva som hjelper i sorg, tyder på at det er to faktorar som er viktige: tryggleik og sosial støtte, og å få uttrykkje seg om tapet. Trygge menneskjer vil ha betre utbytte av sosial støtte etter tap, vere meir optimistiske og vere meir fleksible i det å bevege seg mellom «tapsorientering» og «nyorientering». Det er difor viktig å etablere tryggleik rundt barn som opplev sorg (Bugge, 2006. ref. Bugge & Røkholt, 2009).

Barn har rett til omsorg og skal møtast med omsorg. Barnehagens personale har ei yrkesetisk forplikting til å handle omsorgsfullt overfor alle barn i barnehagen. Omsorgsforpliktinga stiller krav til personalet om merksemd og openheit overfor det unike hos kvart enkelt barn og det unike i situasjonen og i gruppa (Kunnskapsdepartementet, 2011).

For barn si bearbeiding av sorga og det som har skjedd er det viktig å oppsøke konkrete minner, la barnet stille spørsmål, gje leikemoglegheiter knytt til det som har skjedd, at føresette set ord på reaksjonar på tapet, samt nærleik og fysisk kontakt. Vi kan støtte barn si bearbeiding av sorga gjennom å tydeleggjere barn sine behov ovanfor føresette og gje barna bearbeidingsmoglegheiter. Det er viktig at ein er open og direkte i familien sin indre kommunikasjon, og at det er tillit i samspel mellom barn og føresette. Det er viktig for å barn å forstå kva som skjer inne i dei. Barn kan trenge vaksne si hjelp til å setje ord på, forstå og skilje frå kvarandre ulike følelsar, og barn treng hjelp til å regulere styrka i reaksjonane for ikkje å unngå å bli overvelda (Bugge & Røkholt, 2009).

Dyregrov (2006) hevdar at barnehagelærarar har stor betydning for ivaretaking av barn sine behov der dødsfall i nære relasjonar inntreff. Dette fordi dei kjenner det enkelte barnet og barnet sin personlegheit. Barnehagelærarar vil òg kjenne «kulturen» som er på avdelinga eller gruppa, og vil ha god kunnskap i korleis ein skal formidle kunnskap til barn.

3.5 Beredskapsplan og hjelpetiltak

Mange barnehagar og skular opplev dødsfall som på ein eller anna måte rammar nærmiljøet, og ein må difor vere forberedt på korleis ein skal forholde seg til slike hendingar. Erfaring seier at mental

forberedning og planlegging forut for dødsfall og andre kritiske hendingar vil gje betre handtering enn når ein berre «tek det som det kjem» (Dyregrov, 2006).

Barnehagen ei pedagogisk verksemd som skal planleggast, dokumenterast og vurderast. Den enkelte barnehage står fritt til å velje metodar og omfang ut frå lokale forutsetningar og behov. Planlegging må baserast på kunnskap om barns utvikling og læring individuelt og i gruppe, observasjon, dokumentasjon, refleksjon og systematisk vurdering og samtalar med barn og foreldre (KD, 2011).

Når det gjeld beredskapsplanar kan barnehagane utforme sine beredskapsplanar ulikt, men som grunnlag bør ein ha kommunens plan for kriseleiing. Den vil gi nyttig informasjon om blant anna organisering og viktige kontaktpersonar. Ein beredskapsplan må ha utvitydige retningslinjer for ansvarsfordeling innanfor personalgruppa og overordna prinsipp for korleis den enkelte skal forhalde seg i ulike krisesituasjonar som kan oppstå (Sjøvik, 2011).

Alle krisesituasjonar vil krevje eit handlekraftig personale som er i stand til å handle raskt og formålstenleg. Det er styrar sitt ansvar å syte for at beredskapsplanen kontinuerleg blir gjennomgått og drøfta i personalgruppa. Ei slik jamleg drøfting vil bidra til bevisstgjerings om ansvar og kven som skal forhalde seg til kva i ulike situasjonar. Beredskapsplanen må òg gjerast kjend for og bli drøfta med barna sine pårørande samt andre samarbeidspartnarar (Sjøvik, 2011).

Sjøvik (2011) seier at personalet i barnehagen må vere spesielt observant på teikn og signal på at barn ikkje har det godt. Det er personalet sitt ansvar å syte for at barn får den hjelpa dei treng. Styraren må vurdere om barnehagen til ei kvar til har den nødvendige ekspertise, eller om det er nødvendig søke hjelp frå andre instansar. Styraren skal òg vurdere om det er aktuelt å søke om ekstra ressursar for ruste opp barnehagen med meir profesjonell kompetanse for å sikre kvaliteten på aktuelle hjelpetiltak. Barn i krisesituasjonar har som regel behov for mykje vaksenkontakt og tett oppfølging av ein person dei kjenner godt og har tillit til. Dei må få oppleve at vaksne har tid til dei, og at det blir forstått og akseptert at dei har det tungt og vanskeleg. Når barn er i vanskelege livssituasjonar, kan dei få problem i samspelet med andre barn. Det vil gjere at dei treng ekstra hjelp til å komme i gong med leik og andre skapande aktivitetar. Slike aktivitetar har vist seg å vere tenelege verkemiddel i hjelpetiltak for barn i sorg og krise (Sjøvik, 2011).

Personalet i barnehagen må vere forberedt på å oppleve hendingar som er kritiske for barn, føresette og/eller medarbeidarar. Alle barnehagar skal ha vel gjennomtenkte og gjennomførbare beredskapsplanar som viser korleis personalgruppa skal forhalde seg i ulike krisesituasjonar. Det vil kunne hjelpe personalet til å opptre rasjonelt og effektivt, samstundes som dei kan bevare ro til å vise omsorg for dei personane som er ramma. Men uansett kor gode planar og retningslinjer ein

barnehage har, er det umuleg å lage oppskrifter for korleis ein skal hjelpe barn i vanskelege livssituasjonar. Personalet i barnehagen kan heller ikkje utøve yrkesrolla si på grunnlag av oppskrifter. Det må skje på grunnlag av relevant fagleg kunnskap og innsikt, og evne til empati med det enkelte barn, barnets familie og medarbeidarane i barnehagen (Sjøvik, 2011).

4.0 Empiri

I denne delen vil eg presentere informantane og empirien i prosjektet. Dei to informantane eg har nytta har ulike erfaringar når det gjeld barn som opplev dødsfall i nære relasjonar.

Informant A er ei 52 år gammal kvinne som har førskulelæruddanning med vidare utdanning i IKT, pedagogisk utviklingsarbeid i barnehage og styrarutdanning. Ho var ferdig utdanna førskulelærer i 1986 og har sidan det arbeida i barnehage som pedagogisk leiar og litt i skulen, men arbeidar no som styrar i barnehage. Informanten har erfaring med venta dødsfall utanfor arbeidsplassen og erfaring med uventa dødsfall i arbeidssamanheng. I denne oppgåva tar eg utgangspunkt i det uventa dødsfallet der det var ein pedagogisk leiar i barnehagen som dø brått.

Informant B er ei 49 år gammal kvinne som er utdanna førskulelærer og var ferdig utdanna i 1990. Ho har jobba i barnehage sidan ho blei utdanna og arbeidar fortstatt som pedagogisk leiar. Informanten har fleire erfaringar med barn som har opplevd dødsfall i nære relasjonar, i familiesamanheng og i arbeidssamanheng. I arbeidssamanheng har ho erfart både venta og uventa dødsfall. I denne oppgåva vil eg ta utgangspunkt i erfaringane hennar frå då ho opplevde at ei fire år gammal jente mista far sin i kreft, noko som var eit venta dødsfall.

4.1 Støtte til barn i sorg

Informant A seier at i ein slik prosess er det viktig å gjere dei tinga som ein sjølv tykkjer er ubehageleg, ein må berre stå i det og tenkje at det viktig og at det må gjerast. Vidare seier ho at heilheten og det å vere tilstades er viktig.

Informant B har veldig tru på openheit, det å snakke. Ho tykkjer det er viktig at dei vaksne får tid å snakkast seg i mellom og at ein har god kontakt med heimen slik at det blir dei som styrer litt korleis ein skal gå fram. Ein må ikkje vere redd for å snakke om ting, om det blir så trist at dei vaksne griner ovanfor barna så er gråt ein naturleg ting. Det er òg viktig at ein veit litt om kvarandre i personalet, sidan alle har ulike erfaringar og det vil kanskje vere nokon i personalet som har tøffe erfaringar når det gjeld død. Kanskje dei treng å vere litt skjerma i ein slik prosess.

4.2 Reaksjonsmønstre

Informant B fortel at jenta som mista pappen sin ikkje forandra seg så mykje i barnehagen, ho

forandra seg kanskje mindre enn kva dei hadde forventa. B fortel at ho tenkjer at jenta kanskje såg på barnehagen som ein friplass, at der var ting som normalt, vennene var der og ting fortsette mest mogleg som før. I heimen blei kanskje ting litt annleis og forandra, der tristheten var mykje meir tilstades. Vidare fortel B at det er vanskeleg å vite kor mykje eit barn skjønner, og kva tenkjer og skjønner denne fireåringen i forhold til at døden er endeleg. Jenta hadde opplevd fleire gongar at pappaen var på sjukehus og at han då var vekke, men forstod ho at han ikkje kom tilbake denne gongen? B fortel at ho opplevde at jenta gjekk litt ut og inn av sorga. Frå å leike og sjå heilt vanleg ut kunne jenta plutsleg bli veldig tankefull, men det var ikkje ei jente som grein noko særleg når ho var i barnehagen.

Informant A fortel at barna gjekk veldig ut og inn av sorga i denne prosessen.

4.3 Samtale med barn

Informant B fortel at etter ein samtale med jenta blei dei einige om å fortelje dei andre barna under ei samling at ho hadde mista far sin. Sjølv om ikkje jenta sa så mykje under samlinga var det ho som fortalte at faren var død.

For å vise støtte til jenta fortel B at ho prøvde å vere nær og tilgjengeleg for jenta heile tida, og visst det gjekk veldig lang tid til jenta bringde det på bane så prøvde B å gi signal om at «vi kan godt snakke om det visst du vil». Vidare fortel ho at barn er veldig ulike og at denne jenta prata ikkje så veldig mykje om det, men av og til kom det nokre kommentarar og då var det ofte midt oppi eit eller anna som føregjekk.

Informant B fortel at dei andre barna på avdelinga byrja å assosiere når dei fekk stikkordet død, t.d. «eg hugsar det var veldig trist når katten min døde». Ho fortel vidare at ho prøvde å møte barna med å samtale om korleis det er å vere trist, korleis ein føler seg då og at nokon grin medan andre ikkje. Vidare samtala ho med barna om kva ein kan gjere for dei som har opplevd noko trist, at ein kan trøyste og korleis ein kan trøyste kvarandre t.d. å halde hender, stryke på kinnet, klappe på kinnet og spørje om ein skal sitte med kvarandre. Ho fortel at barna kom med mange idear og forslag, og dei prata vidare om at det å trøyste kan òg vere å hjelpe kvarandre eller gjere nokon fint eller godt for ein annan. B fortel at ho har erfaring med at barn er veldig konkrete, og i denne prosessen brukte barna mykje teikning. Dei teikna mange teikningar til jenta som hadde mista pappaen sin (Vedlegg 4).

Informant A fortel at kvar avdeling i barnehagen samla barna til ei morgonssamling, der det var dei pedagogiske leiarane som formidla dødsbodskalet til barna. Informanten fortel at det var veldig tøft for pedagogen å fortelje dette til barna, og det kunne ein tydeleg sjå ved at pedagogen gråt når ho skulle byrje å fortelje. Vidare fortel informanten at det virka som at barna blei litt satt ut når

pedagogen byrja å grine sidan dei ikkje var vande til dette, «he-he, ho grine» kunne ho høyre i frå barnegruppa. Pedagogen fortsette med å seie «ja veit du kva i dag grine eg, for eg er så lei meg og no skal eg fortelje noko veldig trist, i natt så døde –namnet på avdøde-, hjartet stoppa og ho døde». A fortel at frå å fjase og tøyse endra barna seg til å bli heilt alvorlege og stille. Etter kvart kom det mange spørsmål frå barnegruppa «stoppa hjartet?», «ja, kom ambulansen då?», «fekk ikkje dei starta det igjen?», «åssen kan ho spise når hjertet hennes ikkje slår»? (Vedlegg 3).

A fortel at i samlinga snakka dei vidare om pedagogen som var død og dei kjekke tinga barna hadde gjort saman med ho. Vidare delte dei seg opp i grupper der dei som hadde lyst å plukke blomstrar til avdøde kunne gjere det, dei som ville teikne gjorde det og dei som ville finne fram bileter av ting dei hadde gjort saman med ho kunne gjere det. Det var veldig ope og ungane fekk gjere det dei hadde lyst til og følte for der og då. Seinare på dagen samla dei alle barna der dei fekk vise fram det dei hadde laga til avdøde. Informanten fortel at det var eit vidt spekter i teikningane, alt i frå at det var kjekt å rydde saman med avdøde til avdøde som låg i ei kiste. Etterpå fekk barna komme med ting dei ynskte å seie, som dei vaksne skreiv på ein plakat. Det dukka også opp ein del spørsmål som kunne vere vanskeleg å svare på, t.d. «er ho komen til himmelen no?». A fortel ut i frå sine erfaringar at det beste er å vere ærleg på det, at ein kan seie det veit eg ikkje og at barna kan få tenkje over kva dei sjølv tenkjer om det. (Vedlegg 3).

4.4 Personalsamarbeid

Etter at dødsfallet blei bekrefta fortel begge informantane at dei tok kontakt med resten av personalet i barnehagen der dei fortalde om hendinga. Informant A kalla inn til eit møte på kveldstid saman med personalet sitt. Dette for at personalet skulle få komme å tømme tankane sine og vere saman med kvarandre. På dette møtet la dei ein plan for dagen etter. Dei prata også om korleis både barn og føresette kunne reagere, at det kan vere veldig ulike reaksjonar og at i personalet måtte dei vere veldig audmjuke i forhold til dette. Som personal skulle dei respektere barna og føresette sine ulike måtar å vise sorga på.

Informant B kan fortelje at ho og personalet sat med mange spørsmål etter at beskjeden om dødsfallet blei bekrefta. Dei samtala ein del om kva uttrykk jenta kunne gi i etterkant av denne situasjonen. Visst jenta skulle vere trassig/sint/frustrert, måtte dei hugse på at barn ikkje nødvendigvis sørgjer slik som vaksne og at dei uttrykka jenta kom med skulle dei uansett møte. Vidare fortel ho ut i frå sine erfaringar at barn ofte går ut og inn av sorga, og det gjorde også denne jenta. I personalet blei dei einige om at visst jenta kom med små kommentarar eller liknande skulle dei gripe stunda, der dei skulle hjelpe og støtte ho til å sette ord på litt meir visst ho trengde det. Elles blei dei einige i personalet om at den som hadde ein god situasjon med jenta måtte vere klar, og

visst ting skulle bli vanskeleg å svare på kunne dei saman med jenta spørje nokon andre i personalet. Samtidig var det viktig at personalet ikkje laga ting vanskelegare enn det jenta var klar for.

4.5 Samarbeid med heim

Etter den dagen dei hadde formidla dødsbodsskapet til barna i barnehagen fortel A at dei sendte ut ein e-post til alle føresette om kva dei hadde gjort i barnehagen. Frå krisepermen tok dei kopiar som dei sendte med i e-posten, der det sto det blant anna kva som var viktig å tenkje på med barn i sorg, kva ein kan seie og ikkje og korleis barn kan reagere. Dagen i barnehagen hadde gitt mange inntrykk så det var viktig at foreldra snakka med barna sine når dei kom heim fortel A.

B laga eit skriv til alle foreldra på avdelinga der ho informerte om kva som hadde skjedd, kva personalet tenkte rundt det og kva dei hadde sagt til barna i barnehagen. Dette for at foreldra skulle vere informerte og at dei kunne forberede seg på eventuelle spørsmål som kanskje ville dukke opp. Før dette skrivet blei sendt ut fekk mora til jenta lese gjennom det og godkjenne det.

Informant B fortel ut i frå sine erfaringar at foreldre er forskjellige, nokre har behov for å prate mykje medan andre ikkje. B fortel at mor til jenta virka veldig innstilt på å gå vidare og at ho ikkje var den som ville prate så mykje om det som hadde hendt. Som pedagogisk leiar fortel ho at det av og til kunne vere litt vanskeleg å vite når ein skulle ta initiativ og kva ville mor tykkje om det. Dei sjansane til ein liten prat som bydde seg prøvde B å nytte til å fortelje om korleis det gjekk med jenta i barnehagen og kva dei hadde fokus på.

For at dei føresette i barnehagen skulle få innsikt i kva barna hadde opplevd i barnehagen fortel A at dei fekk komme inn i samlingsrommet og sjå på det barna hadde laga. Desse dagane hadde det skjedd mykje med barna der dei hadde fått mange nye inntrykk og difor var det veldig viktig at føresette fekk ta del i dette. Dei vaksne prøvde så vere tilgjengelege og møte alle der dei var, og fortelje om kva dei hadde gjort og korleis barna hadde hatt det. I denne situasjonen var det veldig mange involverte og nokre var nok nærare enn andre. A fortel at ho gav alle føresette i barnehagen lik informasjon, men dei som hadde barna sine på den avdelinga der pedagogen døde fekk nok litt meir sidan dei var tettast på.

4.6 Beredskapsplan

I barnehagen til A har dei har ein beredskapsplan om barn i sorg og kriser i barnehagen, men når dei fekk tilbod om ein kriseperm frå utdanningsdirektoratet takka dei ja til den. Ho fortel at den krisepermen tek for seg veldig mykje og at alt står veldig konkret i forhold til korleis ein skal gå fram. Så i denne prosessen var det krisepermen dei nytta. I permen var det blant anna eit sjekkark som A syntest var veldig nyttig å bruke.

I barnehagen til B brukte dei ein beredskapsplan som dei hadde laga før dette skjedde. Ho fortel at etter denne hendinga har dei fått ein mykje betre plan, sidan dei fekk prøve den ut i praksis og det var ein del ting dei kom på under vegg. Det dei såg fungerte og det dei gjorde putta dei inn i planen i etterkant av denne prosessen. B fortel at før denne hendinga hadde dei arbeida veldig mykje med planen i forkant, både på personalmøter og i grupper. Det gjorde at alle hadde vore delaktige med å lage denne planen.

5.0 Drøfting

I denne delen vil eg drøfte funna mine og sjå dei i samanheng med teori som eg har presentert i del 3.0, dette for å kunne kome fram til svar på problemstillinga mi:

«Korleis kan pedagogisk leiar ivareta born som opplev dødsfall i nære relasjonar og bidra i barn sin sorgprosess?»

Sjølv om desse hendingane er veldig ulike, ser eg mange likhetsteikn i erfaringane til informantane og korleis dei handterte situasjonane.

5.1 Støtte til barn i sorg

Jenta som mista pappaen sin hadde erfart at pappen hadde vore sjuk i mange år før han døde, og det kan vere at familien var veldig forberedt på kva utfallet kom til å bli. Eit forventet dødsfall vil gje barn som vaksne moglegheit til å forberede seg på det, psykisk og praktisk. Dersom ein har hatt moglegheit til å ta avskjed vil det som regel lette sorgarbeidet og bidra til at reaksjonane blir mindre sjokkarta enn når eit dødsfall kjem uventa (Sjøvik, 2011). Ut i frå erfaringane til informant B med denne jenta sine reaksjonar etter pappaen sin død, kan det virke som at ho var forberedt på kva som skulle skje. I barnehagen hadde dei ikkje prata så mykje om det på førehand, men det kan vere at dei har samtala mykje om det i heimen. I tilfellet til informant A skjedde dødsfallet veldig brått og det var ingen som hadde forutsett at det skulle skje sidan det var ei frisk og rask jenta som døde. Ut i frå det A fortel i intervjuet kom dette som eit veldig stort sjokk for alle og det blei ei veldig stor psykisk påkjenning for alle som blei berørte.

5.2 Reaksjonsmønstre

Ut i frå det informantane fortalte under intervjuet var det ikkje nokon av barna som endra seg noko spesielt i åtferd. I følgje Sjøvik (2011) vil barn sine reaksjonsmåtar bero seg på det enkelte barn sitt alder- og utviklingsnivå og på individuelle personlege eigenskapar. I desse tilfella kan det vere at barna forstod veldig mykje, at dei vaksne formidla dødsbodsskapet og døden på ein riktig måte i forhold til barnas alder. Det kan og vere at barna ikkje forstod så mykje. Finger (2001) ref. Sjøvik

(2011) hevdar at barn i alderen tre til seks år ikkje vil ha noko realistisk førestilling om kva sjukdom og død betyr. Sidan dei ikkje forstår kva døden er vil dei ikkje frykte den heller.

I begge tilfella med dødsfall la dei vaksne opp til veldig konkret arbeid saman med barna. Etter formidlinga av dødsbodsskapet fekk barna moglegheit til å uttrykkje seg slik dei ville. Barna fekk t.d. teikne, finne bileter og plukke blomar. Informantane kunne fortelje at barna uttrykte seg ulikt når det gjaldt teikning, nokre var meir konkrete enn andre og teikna t.d. ein død person i ei kiste. Dette synest eg viser veldig godt til det Dyregrov (2006) hevdar om at språket ofte er dei vaksne sin kommunikasjonsform og at barn ofte vel andre uttrykksformer.

Begge informantane fortel òg ut i frå sine erfaringar at barna ofte gjekk ut og inn av sorga. Frå å vere veldig tankefulle og sørgande til å fortsette i lek som vanleg.

Informant A: *«Det virka so dei gløymde det fort, men så plutseleg såg du at dei sat der og grubla og spekulerte i eit eller anna, også var det full fres igjen, men så plutseleg nett så det datt ned frå himmelen så kom der ein sånn tanke og eit pussig spørsmål igjen».* (Vedlegg 3).

Ut i frå det informantane seier ser eg likheit med det Dyregrov (2006) hevdar om at barn har mindre toleranseevne når det gjeld sterke følelsar enn kva vi vaksne har. Dette fordi dei har kortare tristhetsspenn enn vaksne. Barna kan sleppe oss inn for ei kort stund, for så å skifte samtaleemne eller fortsette vidare i lek.

5.3 Samtale med barn

Begge informantane brukte samling i barnehagen til å formidle dødsbodsskapet til barna. Under begge desse samlingane brukte dei ordet død i staden for abstrakte forklaringar og dei vaksne prøvde ikkje å legge skjul på kva som hadde hendt. Måten dei gjorde dette på stemmer overeins med det Dyregrov (2006) hevdar, at det tenar lite hensikt å halde informasjon rundt dødsfallet skjult for barna. Dei treng å høyre sanninga, men den må vere med ord som er tilpassa barna sin alder. Sjukdom og død bør forklarast opent, sannferdig og direkte utan omskrivingar som kan føre til forvirring eller frykt.

Informant B fortel at dei andre barna på avdelinga byrja å assosiere når dei fekk stikkordet død, t.d. «eg hugsar det var veldig trist når katten min døde». Ho fortel vidare at ho prøvde å møte barna med å samtale om korleis det er å vere trist, korleis ein føler seg då og at nokon grin medan andre ikkje. Vidare samtala ho med barna om kva ein kan gjere for dei som har opplevd noko trist, at ein kan trøyste og korleis ein kan trøyste kvarandre t.d. å halde hender, stryke på kinnet, klappe på kinnet og spørje om ein skal sitte med kvarandre. Ho fortel at barna kom med mange idear og forslag, og dei prata vidare om at det å trøyste kan òg vere å hjelpe kvarandre eller gjere nokon fint eller godt for

ein annan. B fortel at ho har erfaring med at barn er veldig konkrete, og i denne prosessen brukte barna mykje teikning. Dei teikna mange teikningar til jenta som hadde mista pappaen sin. (Vedlegg 4).

Informant A sine svar støttar også dette, då ho fortel at kvar avdeling i barnehagen samla barna til ei morgonssamling, der det var dei pedagogiske leiarane som formidla dødsbodsskapet til barna. Informanten fortel at det var veldig tøft for pedagogen å fortelje dette til barna, og det kunne ein tydeleg sjå ved at pedagogen gråt når ho skulle byrje å fortelje. Vidare fortel informanten at det virka som at barna blei litt satt ut når pedagogen byrja å grine sidan dei ikkje var vande til dette, «he-he, ho grine» kunne ho høyre i frå barnegruppa. Pedagogen fortsette med å seie «ja veit du kva i dag grine eg, for eg er så lei meg og no skal eg fortelje noko veldig trist, i natt så døde –namnet på avdøde-, hjartet stoppa og ho døde». A fortel at frå å fjase og tøyse endra barna seg til å bli heilt alvorlege og stille. Etter kvart kom det mange spørsmål frå barnegruppa «stoppa hjartet?», «ja, kom ambulansen då?», «fekkk ikkje dei starta det igjen?», «åssen kan ho spise når hjertet hennes ikkje slår»? (Vedlegg 3).

Begge informantane kan fortelje ut i frå sine erfaringar at barn ofte kjem med spørsmål rundt døden, spørsmål som kan vere vanskeleg for dei vaksne komme med svar til. Eg oppfatta at informantane prøvde å vere så ærlege ovanfor barna som mogleg når dei skulle komme med svar, men i nokre tilfelle kunne det vere at det ikkje lot seg gjere å komme med svar. I desse tilfella prøvde dei då å forklare barna at dei ikkje kunne svare, eller at barna sjølv kunne tenkje på kva dei ville tru om det. I følgje Sjøvik (2011) vil dei fleste barn i eit opent og tillitsfullt forhold med vaksne kunne godta at ingen sit med fasitsvar på spørsmåla deira. Barn vil forstå at vaksne både i heim og i barnehage kan ha det vondt når noko nær døyr. Det beste vil vere om ein er stand til å snakke opent med barna om det som skjer. Ut i frå den informasjonen eg har fått av begge informantane virka det som dei prøvde å snakke veldig opent saman med barna og at dei tenkte det var viktig at barna fekk kome med dei spørsmåla dei undra på.

5.4 Personalsamarbeid

Når det gjeld samarbeid med personalet i slike krisesituasjonar hevdar begge informantane at dette er veldig viktig. Den eine informanten kunne fortelje at dei hadde arbeida mykje med beredskapsplan forhold til barn i sorg på forhand. Dette gjorde at personalet hadde ein del kunnskap om ulike sorgreaksjonar og korleis dei skulle handtere slike situasjonar. I følgje Sjøvik (2011) vil kunnskap om sorgreaksjonar både hjå barn og vaksne vere viktig å kunne noko om for personalet i barnehagen. Det vil vere med å hjelpe personalet til å vise omsorg og støtte til dei som er råka.

Samstundes var det viktig for informantane å ta vare på personalet sitt, og i slike situasjonar er det viktig at ein òg tar vare på seg sjølv. I tilfelle til informant A kom mange av dei som var på ferie tilbake i barnehagen når dødsfallet skjedde. Dette var for både personalet sin del, at dei skulle sleppe å vere aleine i den triste stunda og for at barnehagen skulle tilby barna mange fang og trøystande hender.

Informant A seier: *«Det er veldig fristande og lukke døra for det er tøft sant, mange ting heile tida, men ein må vere tilstades, ha antennene opne og vere open for alle følelsane som er der ute. Og på ein måte opne opp for å stille spørsmål, spørsmål der du har lyst på eit ordentleg svar slik at folk skjønner at du har tid til å høyre ferdig, og det tenkjer eg i forhold til både unga og dei vaksne, å høyre dei ut og la dei snakke ferdig».* (Vedlegg 3).

Det som informant A fortel ovanfor tykkjer eg viser godt til det Bugge (2006) ref. Bugge & Røkholt (2009) hevdar, at det er to faktorar som er viktig i arbeid med sorg: tryggleik og sosial støtte, det å få uttrykke seg om tapet. Det er viktig at ein etablerar tryggleik rundt dei som er i sorg. Dette er noko som eg tenkjer er viktig både i forhold til vaksne og til barn.

5.5 Samarbeid med heim

Ut i frå informantane sine erfaringar meiner dei begge at eit godt samarbeid og openheit med heimen er viktig i ein slik prosess. Samtale med heim om reaksjonar, uttrykk og korleis barna har det i barnehagen er viktig i arbeid med barn som opplev dødsfall i nære relasjonar. Dette er viktig for at barnehagen og heimen skal kunne arbeide saman om å støtte barna. Bugge & Røkholt (2009) hevdar at ein kan støtte barn si bearbeiding av sorg gjennom å tydeleggjere barna sine behov ovanfor føresette og at ein då kan gje barna bearbeidingsmoglegheiter. Ein open og direkte kommunikasjon med heimen vil vere viktig i arbeid med barn i sorg.

Dette støttar opp det som Informant B seier om openheit, det å snakke. Ho tykkjer det er viktig at dei vaksne får tid å snakkast seg i mellom og at ein har god kontakt med heimen slik at det blir dei som styrer litt korleis ein skal gå fram.

5.6 Beredskapsplan

I barnehagen til informant B hadde dei arbeida mykje med beredskapsplanen sin før dødsfallet skjedde. Det gjorde at personalet var godt kjend med planen så dei fekk ikkje heilt panikk når dødsfallet oppstod.

Informant B seier: *«vi fekk ikkje heilt hetta, vi var litt forberedte følte eg og hadde tenkt gjennom ein del ting og det er veldig bra».* (Vedlegg 4).

I følge Sjøvik (2011) vil beredskapsplanane hjelpe personalet til å opptre rasjonelt og effektivt i krisesituasjonar, samstundes som personalet kan bevare ro til å vise omsorg for dei personane som er ramma. I barnehagen til A brukte dei ikkje beredskapsplanen når dødsfallet oppstod, men ein kriseperm. Eg veit ikkje kor godt personalet kjende til denne permen på førehand, men ut i frå dei opplysningane A har gitt gjennom intervju virka det som at personalet her også opptredde rasjonelt og effektivt.

I krisesituasjonar trur eg det vil vere viktig å ha ein plan på korleis ein skal gå fram, det vil nok hjelpe ein til å bevare ro og skape trygghet for personalet. Samstundes har eg tru på det Sjøvik (2011) meiner om at personalet i barnehagen ikkje kan utøve yrkesrolla si på grunnlag av oppskrifter. Det må skje på grunnlag av fagleg kunnskap og innsikt, og evne til empati med det enkelte barn, barnet sin familie og medarbeidarane i barnehagen. Om ein ikkje har dette trur eg det vil vere vanskeleg å handtere å handtere krisesituasjonar.

6.0 Avslutning

Gjennom arbeid med dette bachelorprosjektet har eg lært utruleg mykje. Dette var eit tema eg følte at eg hadde lite kompetanse om på førehand, men gjennom arbeid med det no i haust føler eg at den kompetansen har auka veldig mykje. Det har vore eit veldig sensetivt tema å skrive om, og i byrjinga av oppgåva var eg veldig usikker på om eg ville klare å skrive om eit så trist tema.

Under dette prosjektet gjor eg meg merksemd på at det ikkje var så mange av barnehagane eg kontakta som hadde erfaring med barn i sorg. Eg kontakta både små og store barnehagar i fylket, og av dei viste det seg å vere seks stykk som hadde erfaring på dette området. Det kan vere at det var fleire pedagogar i dei barnehagane som hadde erfaring, det veit eg ikkje sidan eg ikkje spurde om det. Eg trudde det skulle vere fleire barnehagar med erfaring med tanke på kor mange så døyr. Dette er ikkje noko eg har forska på, men eg har tenkt på det ein del under arbeid med mitt prosjekt og eg tenkjer at det hadde vore interessant å forska rundt dette. Vile det vore fleire med erfaring i andre fylker? Kva forskjellar er det mellom erfaring i by og bygder?

Eg har gjennom prosjektet fordjupa meg i teori knytt til barn og sorg, men det som har gitt meg aller mest under heile prosjektet var å kome i kontakt med førskulelærar som hadde erfaring på dette feltet. Dei erfaringane dei delte med meg var utruleg sterke og det var fleire gongar under intervju at eg sat med ein klump i halsen. Eg er veldig takksam for at informantane mine ville dele sine erfaringar med meg. Det har gitt meg mykje auka kunnskap, og eg ser at deira erfaringar stemmer mykje overeins med teorien eg har nytta i mi oppgåve.

Her vil eg svare på promblemstillinga mi: «Korleis kan pedagogisk leiar ivareta born som opplev dødsfall i nære relasjonar og bidra i barn sin sorgprosess?»

I barnehagen vil ein kunne oppleve både uventa og venta dødsfall, og det er viktig at personalet i barnehagen har kunnskap om dette temaet. Ein beredskapsplan på kva ein skal gjere når det oppstår dødsfall i nære relasjonar kan vere med å hjelpe personalet til å arbeide rasjonelt og effektivt. Samstundes er det viktig at ein ikkje blir for opphengt i å følgje desse planane og oppskriftene, ein må sjå dei litt ut i frå korleis situasjonen er og føreta det som er nødvendig. Det å miste nokon vil aldri vere likt for nokon. Det vil vere ulikt korleis barn reagerer når dei opplev dødsfall i nære relasjonar, og at personalet har kunnskap om ulike reaksjonar vil vere nyttig i arbeid med barn i sorg. Barn uttrykkjer seg gjerne på andre måtar enn kva vi vaksne gjer og er veldig konkrete. I barnehagen kan det difor vere lurt å leggje opp til at barna får moglegheit til dette, t.d. gjennom teikning.

I sorgprosessen vil ein kanskje oppleve barn som går ut og inn av sorga, at dei går raskt frå å sørgje til å leike. Det er viktig at personalet er klar over dette og at barna får gå ut og inn av sorga slik dei sjølv ynskjer. Når ein skal samtale med barn om døden bør ein snakke opent og ærleg der ein unngår abstrakte forklaringar. Samstundes må ein tenkje på barna sin alder og bruke ord som dei forstår. Barn vil ofte stille spørsmål og mange spørsmål vil kanskje vere vanskeleg å svare på. Sjølv om spørsmåla er vanskeleg å svare på er det viktig at ein prøvar så godt som råd. Det er betre at ein seier til barna at ein ikkje har noko svar enn at ein overser spørsmålet, slik at barna blir høyrte.

Det er viktig at ein tek vare på kvarandre når ein opplev dødsfall i nære relasjonar, både personalet og barn. Det er viktig at alle får moglegheit til å uttrykke seg og at ein tek hensyn til kvarandre. Om det er nokon i personalet som tek det veldig tungt at eit barn opplev dødsfall i nære relasjonar kan det vere ulike årsakar til dette og det er viktig at ein tek hensyn til det. Det er viktig at alle føler seg trygge og at ein har sosial støtte i slike vanskelege situasjonar. Sjølv om det er barnet som er i fokus er det òg viktig at personalet tenkjer på kvarandre slik at dei også får utlaup for sine tankar og følelsar.

I arbeid med barn og sorg vil det vere viktig at personalet har ein open og direkte kommunikasjon med heimen. I barnehagen skal ein gjere alt ein kan for å støtte barna på ein best mogleg måte og det vil difor vere viktig at både heim og barnehagen samarbeider om dette. Gjennom god kommunikasjon kan ein tydeleggjere barnet sitt behov til føresette og omvendt.

Litteraturliste

- Bugge, E. K. (2003). Hvordan møte barn og ungdom i sorg? I K. E. Bugge, H. Eriksen & O. Sandvik (Red.), *Sorg*. (s. 104-118). Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS
- Bugge, E. K. & Røkholt, G. E. (2009). *Barn og ungdom som sørger*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS (s. 27-49 og s. 159-175).
- Dalland, O. (2013). *Metode og oppgaveskriving* (5.utg.) Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS
- Dyregrov, A. (2006). *Sorg hos barn –en håndbok for voksne* (2.utg.). Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS
- Ekvik, S. (2010). *Tårer uten stemme –Når barn er blant dem som sørger*. Trondheim: Verbum Forlag (s. 11-93).
- Jacobsen, I. D. (2010). *Forståelse, beskrivelse og forklaring –innføring i metode for helse- og sosialfagene* (2.utg). Kristiansand: Høyskoleforlaget
- Kunnskapsdepartementet. (2011). *Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. Oslo: Kunnskapsdepartementet
- Sjøvik, P. (2011). Barn i sorg og barn i krise. I P. Sjøvik (Red.), *En barnehage for alle -spesialpedagogikk i førskolelærerutdanningen*. (s. 194-216). Oslo: Universitetsforlaget

Vedlegg 1

Informasjonsskriv om bachelorprosjekt

Student: Tara Cathrine Stubseid Horstad, Høgskulen Sogn og Fjordane, avd. Sogndal.

Eg er ein 3 årsstudent ved barnehagelærerutdanninga i Sogndal, og denne hausten held eg på med eit bachelorprosjekt. Tema for oppgåva mi er barn og sorg med følgjande problemstilling: Korleis handtera pedagogisk leiar barn som opplev dødsfall i nære relasjonar?

Kunne du tenkje deg å delta som informant i mitt bachelorprosjekt?

For å skaffe data til denne oppgåva vil eg gjennomføre kvalitative intervju med tre pedagogar som har erfaring med barn i sorg. Eg treng pedagogar som har erfaring frå småbarnsavdeling og frå storbarnsavdeling. Det er ynskeleg for meg å nytte bandopptakar slik at eg får intervjuet til å bli mest mogleg ordrett og korrekt. Opptaka vil bli sletta etter at dei har blitt transkribert, og alle opplysningar som vil kunne identifisere informanten vil vere anonymisert.

Høyres dette ut som noko for deg eller har du spørsmål angående prosjektet mitt kan eg kontaktast på mobil: 41550836 eller e-post: tarastubseid@hotmail.com

Rettleiaren min under dette bachelorprosjektet er:

Merete Nornes Nymark, e-post: merete.nornes.nymark@hisf.no

Mvh

Tara C.S Horstad

Samtykke:

Dato/ Stad

Signatur

Vedlegg 2

Intervjuguide

Generelt

1. Kjønn?
2. Alder?
3. Kva utdanning har du? Har du noko etterutdanning?
4. Kor lenge har du arbeida som pedagogisk leiar i barnehage? Kva aldersgruppe arbeidar du med?
5. Er du noko du lurar på i forhold til dette intervjuet?

Kompetanse

6. Kan du fortelje litt om korleis de lærte om temaet barn i sorg i utdanninga di? Samarbeida de med andre utdanningar?
7. Har du erfaring med barn i sorg utanfor arbeidsplassen? Vil du fortelje litt om dette?
8. Føler du at du hadde tilstrekkeleg kompetanse om temaet barn i sorg når du kom ut i arbeid?

Sorgprosessen

9. Kva erfaring har du når det gjeld barn som opplev dødsfall i nære relasjonar? Kven var det som døde? Var det uventa eller venta dødsfall? Alder på barnet? Kor lenge hadde du vore i arbeid før du opplevde dette?
10. Har barnehagen ein beredskapsplan for dødsfall? Blei den brukt i denne prosessen? Kva tankar har du om ein slik plan? Kva inneheld den/ bør den innehalde?
11. Informerte du/de dei andre barna på avdelinga om dødsfallet? Visst ja, korleis gjorde de dette? Visst nei, var det noko årsak til at de ikkje gjorde det?
12. Korleis snakka du/de med barnet om det som hadde skjedd? Var de du/de eller barnet som la opp til samtale?
13. Kan du fortelje litt om åtferda til barnet etter dødsfallet? Var den noko annleis enn til vanleg? Kor lenge varte det i så fall?
14. Har de gjort noko spesielt eller markert noko i etterkant av dødsfallet (kyrkjebesøk, besøkt gravplass, undringssamtalar osv)?

15. I arbeid med barn i sorg, er det noko du ser på som meir viktig enn andre ting?

16. Er det noko du tykkjer var utfordrande i denne prosessen? Meir vanskeleg?

Samarbeid

17. Korleis fungerte samarbeidet med heimen etter dødsfallet?

18. Samarbeida de med andre hjelpeapparat når dette skjedde? Kven var det og fungerte samarbeidet?

19. Korleis arbeida du ilag med personalet ditt under denne prosessen? Fordelte de oppgåver og ansvar på kvarandre?

20. På kva måte påverka dødsfallet deg og personalet ditt? Gjorde de noko for å ta vare på kvarandre i denne prosessen?

20. Er det noko du ser i ettertid at du ville gjort annleis under denne prosessen?

Avslutning

21. Kan du fortelje litt om korleis du tykkjer dette intervjuet har vore?

22. Er det noko du har lyst å tilføre heilt til slutt?

Vedlegg 3

Utdrag frå intervju med informant A

«Nei eg følte atte, kva var deg eg skulle sei, ehm (tenker), altså ungane var veldig sånn ut og inn av sorga på ein måte sant. At det virka som dei gløymte det fort, men så plutselig såg du at dei sat der å tenkte og grubla og på ein måte spekulerte i eitelleranna sant, også var det full fres igjen også plutselig så, nett så det datt ned frå himmelen en sånn tanke sant også kom det eitelleranna pussig spørsmål igjen sant. Fordi at det virka som dei, unga er jo litt sånn, altså at dei sitte ikkje midt ned i der og er skikkelg sånn deppa, det såg vi jo den dagen på ein måte når vi fortalte og at dei var på ein måte, ja dei var heilt ute å gjorde heilt andre ting også plutselig sant så såg du på ein måte at no begynte dei å tenkte på det igjen».

«Alle ungane, eh, ja var på sine avdelingar også samla ped.leiar på avdelinga dei og fortalte at no hadde det skjedd noko trist og vi har lyst å fortelje dere det. I går så døde Silje sant, og ja, dei var jo, eh, spesielt på avdelinga der Silje jobba sant, der trilla jo tårene på pedagogen når ho sat å fortalte, for ho har jo jobba kjempe tett med ho sant, i eit år. Dei var ganske sånn like i alder sant, eller ja, og på ein måte fått ein veldig god kontakt, eh, og sånn at ho sat jo på ein måte og var veldig lei seg, også ungane liksom «He-he, ho grine» sant, også sa ho «ja veit du kva i dag grine eg, for eg er så lei meg, no skal eg fortelje noko veldig trist, i natt så døde Silje, hjertet til Silje stoppa og ho døde», og du berre såg kor alvorleg dei blei, frå og sitte der og fjase og tøyse og puffe i kvarandre og litt sånn «he-he, ho grine» til dei var heilt alvorlege og heilt stille. Og liksom sånn måpande og liksom sånn ja «stoppa hjertet?», «ja, kom ambulansen då?» sant, med ein gang begynte erfaringane deira liksom å slå inn sant og «kva skjedde då» og «fikk ikkje dei starta det igjen?», «kom ikkje legen?» og kva gjorde legen, masse spørsmål sant og heilt sånn På i forhold til, men samtidig heilt sånn satt ut av Silje ikkje kom i barnehagen sant, ho var vekke. Men og masse spørsmål, og så sant, «men åssen kan Silje spise da når hjertet hennes ikkje slår» så på ein måte du fekk den forståelsen av dei ungane som, dei største ungane som skjønnte faktisk ganske mye, til dei minste ungane som skjønnte det delvis og så på ein måte ikkje skjønnte det helt sant. Sånn at det var, det var spesielt å vere så tett på dei sant, i den, i ein sånn, og på ein måte se forståelsen og ikkje forståelsen, atte kor lei seg dei var, men så snakka dei jo vidare om at då Silje ho var jo ein person som var veldig glad sant og ho likte å gjøre kjekke ting og at dei måtte tenke på dei koselige tinga vi hadde gjort i lag så det vi skulle gjøre no var at dei som hadde lyst å plukke blomstrar til Silje dei kunne gå ut å plukke blomstrar, dei som hadde lyst å teikne til Silje dei kunne gjøre det, tenke på noko koseleg dei hadde gjort ilag med Silje eller visst det var noko Silje ville like eller kva dei tenkte på no når Silje var død. Det var på ein måte litt ope, men at vi skulle prøve å tenke på hyggelige ting i frå det dei hadde gjort med Silje. Og dei på den

avdelinga som på ein måte var tettast på, dei hadde jo masse bileter på dataen sant, så dei ungane som hadde lyst til det dei gikk inn på datamaskina og så fann dei på ein måte alt mogleg som Silje hadde vert med på. Altså blåse, ho var sånn som fann, ho hadde så masse, det sprudla over av idear sant, så ho hadde sånn boble blåsemaskin og det er masse bileter av at dei holde på med det, og låg på ryggen og studerte skyene i himmelen og ja masse bileter frå aktivitetar dei hadde gjort med Silje. Og så når klokka var blitt, eller før mat, eller var det? i alle fall ein gang seinare på dagen så samla vi ungane igjen og da hadde eg funne fram bileter og til kvelden før så hadde vi jo laga til eit bilete og vi hadde med lys og fine lysestakar og eg hadde plukka blomster i hagen, og da plukka eg jo blomstra som var sånn fargesprakande sant, for ho var sånn som var glad i masse fargar, ho var glad sant, ville ikkje passe med kvit lilje. Så sa eg det at no har eg plukka ein bukett og, sida Silje var så glad i fargar så plukka eg blomster med masse fargar i, også, eh, tok eg fram bilete og sette ned og tente lyset og så skulle vi vere litt stille og så skulle alle samen tenke på Silje, så då var det nesten tyst altså, så det var, vi er jo 60-70 unga her så, eller 65 unga. Også fekk dei som hadde plukka blomstrar, då sto jo ditta på eit sånt lavt bord inne på samlingsrommet og dei som hadde blomstar dei gjekk og hadde allereie putta det i sånne forskjellige vasa då, så gjekk liksom ungane i gruppe fram og sette desse i ein sirkel rundt, rundt bilete av Silje, og dei ungane som hadde vert på dataen og tatt ut bilete dei kom fram og fortalde kvifor dei hadde valt bilete sant, «åå, det var så kjekt å blåse bobla med Silje» sant, difor har vi tatt ut det bilete, også hengte vi det på ein måte, etter kvart som ungane fortalte hengte vi det på ein sånn plansje vi har. Og etter vi hadde gjort det så var det dei som hadde teikna som, så fekk dei kome med teikningane sine og ja, dei hadde jo teikna alt i frå, «det var kjekt å rydde med Silje» sant, men nokon hadde jo og teikna ho i kista sant og at det var trist at Silje var død, så det var på ein måte alle spekter, men sant at alt skulle opp og alt, og masse hjerter og masse blomstar og masse lilla for Silje var så glad i lilla (ler litt). Det visste dei, og ho var så glad i hjerter. Også når dei hadde hengt opp alle teikningane så hadde vi med eit ark der dei fekk lov å sei ting som dei tenkte på om Silje sant, og då kom jo dissa tinga igjen sant, «det var så kjekt å le med Silje» sant, for Silje var så glad, «det var kjekt å vaske», «det var så kjekt når vi lagde..», kva det var ho hadde laga rett før, var det grønsaksuppe (ler litt), altså det var masse sånne konkrete ting som dei hadde, som dei kom med sant, og masse sånne spørsmål, «ja Silje er ho komt til himmelen no?».

«det er veldig fristandes og gå å lukke døra sant, for det er tøft sant, mange ting heile tida sant, men på ein måte det å vere endå meir tilstade og vere endå på ein måte ha antennene opne og på ein måte vere open for kva alle dissa her følelsane som er der ute sant på eit elleranna vis. Og på ein måte opne opp at for å stille spørsmål, «ja korleis går det», ja stille det spørsmålet sånn at du har lyst på eit ordentleg svar og ikkje berre «joda, heilt greitt», sånn at folk skjønna at du har tid til å høyre ferdig, og det tenker eg og i forhold til unga og dei vaksne sant, å høyre dei ut, la dei snakke ferdig,

ikkje bli avbrutt av alle rare ting sant, for det, altså å skape den tida på ein måte og den plassen til å på ein måte, ja å ha litt god tid når du er midt opp i det, at du ikkje skynda deg forbi det du holde på med, men er i det på ein måte».

Vedlegg 4

Utdrag frå intervju med informant B

«Også veit du unga, dei er veldig sånn at dei får eit stikkord også begynner dei å assosiere, «åja eg hugsar eg var veldig trist når katten min døde» sant, også sitte du der som vaksen og synst det her er kjempe vanskeleg og ja, det er faktisk litt forskjell på å miste ein far og ein katt sant, men du må på ein måte møte dei, så då prøvde eg å, og løyste det i forhold til da at «og då blir me lei oss», «då blir me triste og nokon får lyst å grina, nokon har ikkje så lyst å snakke så masse om da, mens nokon dei vil prata masse» sant, at me snakka litt sånn rundt ting. Så prøvde eg då og vri det over på kva kan me no gjere for denne jenta, «no kjem ho til å få nokre litt vanskelege dagar, kanskje er det ikkje så lett å kome i barnehagen, jo me kan trøysta, de er jo kjempe gode på å trøyste, kva gjer med då, me kan holde i handa, me kan stryka på kinnet, me kan klappe litt på håret og me kan spørje vil du sitte med meg» sant, at eg kom med ein del sånne konkrete og dei var med å kom med masse forslag. Ungane sjølv har jo masse idear, også snakka me litt om det å trøysta «kan og vere å hjelpe», eller «gjere noko fint eller godt for nokon annan», «kanskje blir ho veldig glad visst ho får ei fin teikning», for unga er litt sånn konkrete sant, så det å kunne gjere noko. Så dei sette i gong og teikna, så den dagen gjekk dei stadig vekk gav ho».

Brukte de beredskapsplan når ditta skjedde?

«Ja det gjorde vi, vi hadde heldigvis laga den, men samtidig så ser eg jo no i ettertid at det som skjedde då, vi passa jo på at dei tinga vi gjorde då, dei putta vi og inni den planen. Så vi har på ein måte fått igjennom den krise, vi har på ein måte fått ein betre plan. For vi fekk jo på ein måte prøvd den ut i praksis og kom på ting då undervegs «ja, men det er jo kanskje lurt» så det må vi skrive opp.

Ja de fekk sjå om den faktisk fungerte i praksis.

Ja, men eg følte at me hadde vore ilag om å lage ein sånn plan, vi hadde oppe på personalmøte og vi jobba i grupper også var det vel to som utforma den reint sånn skriftleg, men alle hadde vore delaktige sant, vi fekk ikkje heilt hetta eller liksom, vi var litt forberedt følte eg og hadde tenkt gjennom ein del ting og det er veldig bra».

